



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

Melding om vedtak

Olje- og energidepartementet
pb. 8148 Dep

0033 OSLO

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	4104/2019 - 2018/363	Øyvinn Moltumyr	S41	31.07.2019

HØYRING AV FRAMLEGG TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND - UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i kommunestyre, i møte 20.6.2019, saknr. 33/2019

Med helsing

Øyvinn Moltumyr
nærings sjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

HØYRING AV FRAMLEGG TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND - UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
S41	2018/363	Øyvin Moltumyr	
UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:	
19/49	Kommunalutvalet	11.06.2019	
19/33	Kommunestyret	20.06.2019	

Vedlegg:

- 1 Høring - Nasjonal ramme for vindkraft
- 2 Referat dialogmøte hyttelag og velforeningar 10.05.19
- 3 Referat - dialogmøte vindkraft 13.05.19
- 4 Referat - dialogmøte vindkraft 8.5.19
- 5 Uttale NVE Forslag til Nasjonal ramme for Vindkraft
- 6 Notat frå bulystmøtet den 06.06.19

Utrykte vedlegg:

Fylgjande journalpostar var sendt ut til kommunestyret i forkant av møte:
3,4,6,7,8,9,10,12,13,16,24,25,26,27,28,29,32,33,34,35,37,38,39,40,43,44.

Bakgrunn:


Olje- og energidepartementet (OED) har sendt framlegg til *nasjonal ramme for vindkraft på land* til høyring. Høyringsfristen er sett til 1.10.2019.

Bakgrunnen for høyringa ligg i *Stortingsmelding nr. 25 (2015 – 2016) Kraft til endring (Energimeldinga)*. Denne skildrar regjeringas energipolitikk.


I meldinga går det fram at regjeringa ønskjer utbygging av vindkraft på land og at den ønskjer ei nasjonal ramme for dette.

Det er Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE) som har hatt ansvar for utarbeidinga av framlegget til ramme. Framlegget til ramme blir utgjort av tjugeein fagrapportar og eit kart. Fagrapportane skal summera kunnskapsgrunnlaget som finnes for tema som er relevante for avgjerd om utbygging av vindkraft. I tillegg blir det vurdert korleis kunnskapen kan nyttast i vindkraftsaker. Kunnskapen og konklusjonar er samla i ein rapport som òg finnes på www.nve.no .

Kartet skal syne kor det kan vera eigna å etablere vindkraftanlegg. NVE har peika ut «Vindkraftområda» ut frå kunnskapen i fagrapportane, innspel dei har motteke og det dei kallar harde og mjuke eksklusjonar. (Oppramsing av kva tema som inngår i harde og mjuke eksklusjonar går fram av rapporten frå NVE frå s. 95 og frametter og på det interaktive kartet på NVE si heimeside.)



NVE sitt framlegg til kart. Vindkraftområde der Åseral inngår strekker seg frå Rogaland til Aust-Agder.



Den austlege delen av kommunen er peika ut som mogleg areal for vindkraftanlegg.

Postadresse:
Åseral kommune
Gardsvegen 68,
4540 Åseral

Besøksadresse:

Telefon: 38 28 58 00
Telefaks: 38 28 58 01

Internett: www.aseral.kommune.no
E-post: post@aseral.kommune.no
Org.nr.: 964 966 842

I høyringsbrevet ber OED òg høyringsinstansane om synspunkt på om det er tenleg med ei nasjonal ramme.

I tillegg til sjølve rapporten, skildrar følgjande dokument prosessen og arbeidsmåten frå energimeldinga og fram til framlegginga av ramma (Dokumenta ligg på heimesida til NVE):

- Oppdragsbrevet frå OED til NVE, 9.2.2017
- Metodeskildring, brev frå NVE til OED, 1.9.2017
- Revidert metodeskildring, brev frå NVE til OED, 19.1.2018
- Informasjon om utpeiking av områder

Ramma er av generell art. Høyringsuttaler bør spegle dette. Det er difor ikkje naturleg å syne til vindkraftplanane ein kjenner til i Åseral når ein drøfter framlegget til ramme. Konkrete innspel om desse skal gjerast i samband med eventuelle meldingar og søknader om konsesjon. Kommunale haldningar til føringane i ramma har likevel implikasjonar for seinare handsaming av konkrete prosjekt. Det må ut frå dette vurderast om habilitetsreglane i forvaltningslova bør leggest til grunn.

Saksframlegget ville bli svært omfangsrikt om ein skulle skildre innhaldet i dei ulike fagrapportane for så å drøfte dette. Politikarane må difor sjølve studere relevante fagrapportar og dei andre nemnde dokumenta på direktoratet si heimeside www.nve.no under overskrifta «nasjonal ramme for vindkraft på land». Mykje av innhaldet går relativt klart fram om ein les samandraga i byrjinga av aktuelle rapportar. I vurderinga ønskjer eg å knytte kommentarar berre til dei rapportane eg meiner er mest relevante for å kunne gje innspel.

Sakshandsamar ser det ikkje som tenleg å drøfte spørsmål slik som; «*Er det verkeleg slik at norsk vindkraft vil erstatte kolkraft på kontinentet?*» eller «*Bør vi ikkje heller satse på vindkraftanlegg til havs?*» osv. Dette er ikkje fordi slike spørsmål er uvesentlege, men fordi det er framlegget til ramme vi er invitert til å uttale oss om, ikkje energimeldinga eller andre spørsmål kring vindkraft.

Vi har hatt møte med næringsliv, grunneigarlag og hyttelag for å få innspel til arbeidet med uttalen. Deira haldningar er i det alt vesentlege sterkt negative til mogleg etablering av vindkraftverk i kommunen. Hyttelaga er opptekne av visuell påverknad og støy. Næringslivet og grunneigarlag syner til det store talet på arbeidsplassar som reiseliv og hyttebygging representerer. Eit lite mindretal er positive eller nøytrale til etablering av vindkraftanlegg. Dei syner til at den visuelle påverknaden ikkje er så negativ. Vidare er dei opptekne av vindkraftanlegg vil gje arbeidsplassar, skatteinntekter til kommunen og til inntektene som grunneigarane som har aktuelt areal til vindkraftverk kan få.

Fleire lokale verksemder og lag har opplyst at dei vil sende inn eigne høyringsuttaler.

Trulig vil mange uttala seg til høyringa. Innspel må difor vera godt fundert og samstundes ganske konkret formulert om ein skal ha von om gjennomslag.

Vurdering:

«Det er tale om svært store naturinngrep og særleg det visuelle inntrykket av vindkraftanlegg vil vera massivt. Dette påverkar alle. Vi kan miste arbeidsplassar innan reiseliv. Vindkraftanlegg kan ha negativ innverknad på livskvalitet og bulyst. Naturmiljøet kan få skadar vi ikkje ser omfanget av i dag.»

«Kommunen er heldig som kan tiltrekke seg investeringar for fleire milliardar kroner, arbeidsplassar både i anleggsfasen og i driftsfasen og ikkje minst leigeinntekter og skatteinntekter på fleire ti-tall millionar kroner årleg. Inntekter frå eigedomskatt på vindkraftanlegg kan vera avgjerande for om Åseral kan halda fram som eigen kommune med ein tilfredsstilland økonomisk handlefridom.»

Begge påstandane ovafor kan langt på veg vera rette. Samstundes. Difor er det naturleg at vindkraft skaper stort engasjement.

Med dette utgangspunktet ser eg tre ulike hovudhaldningar ein kan ha til høyringa av ramma.

1. Ein kan vera i mot vindkraft på land og bruke høyringsuttalen til å argumentera for dette synet. Fleire kommunar, mellom anna nabokommunar, har nyleg vedtatt som høyringsuttale at dei er negative til vindkraft i sin kommune. Ein kan hevde at dei med dette uttalar seg i større grad om energimeldinga frå 2016 enn om framlegget til ramme. Dette må ein sjå som uttrykk for at regjeringa si energimelding er i utakt med folkeviljen i deler av landet. Om ein er i mot regjeringa sin politikk om å legge til rette for vindkraftanlegg på land, er det sjølvstøtt frustrerande å bli invitert til å delta i ein demokratisk prosess om kor vindkraftturbinane skal plasserast.
2. Ein kan vera tilhengar av vindkraft, argumentera for at ein stor del av kommunen bør vera aktuelt utbyggingsområde og elles vera positiv til framlegget til ramme med få eller ingen atterhald.
3. Det tredje alternativet er at ein ikkje tek eit avgjerande standpunkt om vindkraft men peikar på endringar som bør gjerast og kommenterer ulike sider ved arbeidet NVE har utført og som ein meiner er relevante for spørsmålet om etablering av vindkraft i kommunen og i regionen.

Saksframstillinga legg til grunn det tredje alternativet. Dette er ikkje fordi dei to fyrstnemnde haldningane ikkje er legitime. Eg vel det tredje alternativet fordi dette er det beste utgangspunktet for å kunne gje balanserte og konstruktive attendemeldingar på spørsmåla som framlegget til ramme reiser.

Først det konkrete spørsmålet OED stiller i høyringsbrevet: Bør det fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge?

Det kan synast underleg at dette spørsmålet blir stilt etter at regjeringa har fastlagt i energimeldinga at ei slik ramme skal vera ein del av grunnlaget i deira politikk om å bygge ut vindkraft på land, og etter at det er brukt mykje ressursar på utarbeiding av framlegg til ramme.

Mi vurdering er at med som føresetnad at det skal etablerast vindkraftanlegg på land, så bør dette sjølvstøtt skje etter ei grundig planlegging. Alternativet vil jo vera at vindkraftanlegg blir etablert litt meir tilfeldig etter kor det kjem initiativ frå utbyggjarar. Spørsmåla bør difor

heller vera: *Kva status skal ramma ha og korleis skal den nyttast i praksis? Og på kva område gir ikkje ramma naudsynt kunnskap for å taka stilling til etablering av vindkraftverk?*

Vindkraftmotstandarar må ha lov å frykte at ramma blir for avgjerande slik at det nærast kan gå automatikk i at det blir løyvd konsesjon innafør vindkraftområde. På same måte må vindkrafttilhengarar kunne frykta at det kan bli nærast uråd å få lov til å etablere vindkraftanlegg heilt, eller delvis innafør område som i dag ikkje er peika på som aktuelle for vindkraft. Det er naudsynt at OED og NVE gjer nokon grenseoppgangar og får eit realistisk bilete av kva ramma eigentleg leverer.

Generelt om fagrapportane:

Det er gjort mykje godt og grundig arbeid med fagrapportane. Tema som er valt synes å vera relevante. Det har blitt leita vidt etter aktuell informasjon.

Ei generell innvending mot fagrapportane er at dei bygger på ulike undersøkingar som allereie er fleire år gamle. Desse undersøkingane bygger igjen på tidlegare erfaringar. Rapporten om naboverknader har til dømes eit kapittel om vindturbinar sin påverknad på eigedomsprisar.

Ut frå alderen på grunnlagsmaterialet må desse erfaringane vera frå ei tid då høgda på turbinane var atskilleg lågare enn i dag. Kva verdi har desse rapportane som kunnskapsgrunnlag når turbinane kanskje har blitt meir enn 100 meter høgare? Slik ser ein at den teknologiske utviklinga, for nokon spørsmål, har sprunge frå både energimelding og kunnskapsgrunnlaget.

NVE sin kloke konklusjon er for fleire av tema at den endelege vurderinga må bli overlaten til handsaminga av den einskilte konsesjonssøknaden. Dette gjeld i stor grad dei tema som det truleg vil vera mest merksemd rundt lokalt, mellom anna økonomiske ringverknader generelt, verknader for naboar, for reiselivsnæringa, for hyttebygging, for jakt og fiske som næringsverksemd, for arealkonkurrerande næringar (Dette kan vera landbruk) samt for dei naturfaglege rapportane.

For fleire av rapportane ser eg det ikkje som naturleg at kommunen har merknader. Dette gjeld mellom anna Elektronisk kommunikasjon, Forsvaret, Klimaavtrykk og livssyklusanalyser, Reindrift og annen samisk utmarksbruk og Sivil luftfart.

Tilhøve mellom nasjonal ramme og naturmangfaldlova:

I Agder er relativt store område peika ut som aktuelle for vindkraftanlegg og relativt mange vindkraftprosjekt er under planlegging. Mi vurdering er at desse samla vil kunne påverka natur og samfunn sterkt. Eg ser ikkje at den nasjonale ramma, saman med konekvensutgreiingar for einskiltprosjekt vil gje eit naudsynt kunnskapsgrunnlag for å kunne taka stilling til dei samla verknadene på naturmiljøet av dei nemnde prosjekta som er under planlegging.

Med andre ord; framlegget til ramme, energimeldinga og oppdragsbrevet frå OED til NVE vektlegger ikkje prinsippa i naturmangfaldlova i tilstrekkelig grad.

For å oppfylle naturmangfaldlovas krav om å vurdere samla belastning (§ 10), vil det være nødvendig å vurdere alle, eller grupper av prosjekta samla.

NVE rører ved prinsippa i § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning i drøftinga av føringane frå OED (Metodeskildring, brev frå NVE til OED, 1.9.2017). Dei vurderer at;

Områdene bør i utgangspunktet være store nok til at det kan tas hensyn til at arealene ikke

kan utnyttas maksimalt, blant annet som følge av samlet miljøbelastning fra flere vindkraftanlegg og lokale variasjoner i vindressurser og nettkapasitet (frå punkt 2.2 føringar frå OED s. 9). Eg ser likevel ikkje at dette er tilfredsstillande med omsyn til §§ 5, 6, 8 og 9 i naturmangfaldlova. Dermed er heller ikkje prinsippet i § 7 om offentlig beslutningstaking tilfredsstillande ivareteke.

Bestillinga frå OED ber ikkje spesifikt om ei oppdatering på kva for kunnskap som manglar og korleis ein kan skaffe denne for å imøtekoma naturmangfaldlova. OED ber i staden om framlegg til; «*hvordan viktige miljø- og samfunnshensyn kan innpasses der en ikke har tilstrekkelige data, eller varierende kvalitet på dataene*» (Metodeskildring, brev frå NVE til OED, 1.9.2017, frå punkt 2.1 bestillinga s. 8)

NVEs svar på dette er at: «Rapportene vil baseres på eksisterende litteratur og erfaringer fra eksisterende vindkraftverk.» (Frå metoderapporten, samandrag s. 2)

Dette er ikkje tilfredsstillande. Eg syner her til følgjande formulering i naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlag «*Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*» Eg meiner vindkraftplanane som ligg føre representerer ein risiko for skade på naturmangfoldet som gjør at ein må stille store krav til kunnskapsgrunnlaget.

Det kan synast som om NVE er klar over at prosessen og framlegget til ramme ikkje har oppfylt naturmangfaldloven i tilfredsstillande grad. Dei skriv: «*Den generelle aktsomhetsplikten i naturmangfoldloven § 6 gjelder for arbeidet med nasjonal ramme, og prinsippene i §§ 8 – 12 om bærekraftig bruk vil ligge til grunn for vurderingene som blir gjort i prosjektet. Rent formelt kommer likevel ikke §§ 8 – 12 til anvendelse, siden utarbeiding av forslag til nasjonal ramme for vind er et faglig råd og ingen utøving av offentlig myndighet.*» (Frå 2.4 Rettslege føringar s. 10.)

For å oppfylle naturmangfaldlova er det naturleg å stoppe handsaming av nye søknader om etablering av vindkraftverk og samstundes sette i gang arbeid for å skaffe eit kunnskapsgrunnlag som gjer det mogleg å vurdere samla belastning ved etablering av vindkraft. Faggrupper må utforme program som kan gjennomførast for å få eit naudsynt kunnskapsgrunnlag som tilfredsstillar naturmangfaldlovas § 8.

Med så klare frontar som spørsmålet om etablering av vindkraftanlegg har fått, ser eg det som utenkeleg at ikkje spørsmålet om omsynet til naturmangfaldlova og kva som er eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag vil bli prøvd rettsleg – altså at nokon går til sak mot staten.

Så til fagrapportane, og først litt om kva eg saknar i desse.

Eigedomskatt:

Forventning om framtidige inntekter vil vera eit særskilt viktig moment når kommunar skal taka stilling til konsesjonssøknader. Kommunane si vurdering handlar i stor grad om å halda eigedomskatt og arbeidsplassar opp mot ulemper. Ut frå dette må NVE, som skal ta avgjerd om konsesjon ut frå ei totalvurdering av verknadene, ha oversyn over inntektsbilete til kommunane. Eigedomsskatten er ei av dei viktigaste samfunnsmessige verknadene av eit vindkraftanlegg. Det er for enkelt å seia at eigedomsskatten blir fastsett ut frå eigedomskattelovas § 8 og skattesatsen som kommunen har valt. Korleis blir til dømes resultatet av retakseringar?

I fagrapporten «Næringsutvikling» går det fram at for vindkraftverket på Smøla så utgjorde eigedomsskatt 8,8 millionar kroner, eller ca. 26 %, av dei totale driftsutgiftene på kr 34 millionar kroner i 2014. Dette er interessant, men utgjer ikkje heile bilete. Lindesnes kommune opplyser at eigedomsskatten frå vindkraftanlegget på Fjellskår var på kr 128.790 i 2014, kr 62.810 i 2015 og kr 12.375 i 2019. Inntektskatten i 2019 vil altså vera om lag ein tidel av kva den var i 2014. Variasjonen har naturlege forklaringar, men syner klart at eigedomsskatten vil kunne variera sterkt. For kommunen er det avgjerande at inntektene frå eigedomsskatt er føreseielege.

Eg ønsker å kunne vurdera kva som er ein realistisk storleik på framtidig eigedomsskatt ut frå erfaringane frå anlegga som er etablert. Kvifor kan eg ikkje finne eit oversyn over eigedomsskatteprofilen for alle vindkraftanlegg i Norge i ein av fagrapportane eller på NVE sine sider? Eg har tatt dette spørsmålet opp med representantar for NVE på informasjonsmøter. Svaret har vore at skatt er finansdepartementet sitt bord. Eg meiner det burde vera ein sjølvsgatt del av kunnskapsgrunnlaget, og ein sjølvsgatt del av NVE sitt samfunnsansvar, å ha oversyn over kva skatteinntekter vindkraftverk har gitt vertskommunane.

Fjerning av turbinar og andre anlegg ved opphøyr av drift slik som til dømes ved konkurs, avslutta konsesjonsperiode etc:

Petroleumslova og akvakulturlova med forskrifter har innhald som skal sikre fjerning av anlegg etter avslutta bruk eller ved konkurs. Eg ser ikkje noko liknande i energilova. NVE opplyser at det blir sett som ein føresetnad for konsesjon at det frå det 12. driftsåret skal gjevast garanti for fjerning av vindturbinar ved avslutta drift. Kva då om anlegg går konkurs før det 12. driftsåret? Eg har trong for å kjenne både den juridiske ramma og det økonomiske reknestykket omkring fjerning av vindkraftanlegg. Desse opplysningane burde vera ein del av den nasjonale ramma. Om ein våger å gå eit steg vidare, så bør ein vurdera å sette ned eit utval som går gjennom lovverket rundt konsesjonsbaserte næringer slik som dei eg har nemnd med målsetjing om å harmonisera lovverket og styrke miljøomsyna.

Fleire innleiarar på møter om vindkraft har vore opptekne av sikkerheit for fjerning også av veganlegg og oppstillingsplasser etc. når konsesjonstida er avslutta. Dette synes for meg å vera for radikalt. Eg trur at grunneigarar og andre, berre unnataksvis vil ha ønskje om å fjerne eit godt vegnett og flate oppstillingsplassar.

Lokal og regional næringsutvikling:

Talet på arbeidsplassar er eit anna tema som vil vera avgjerande viktig for politikarane i ein kommune. Fagrapporten om næringsutvikling slår klart fast at arbeidsplassvinsten er størst i byggefasen. Fagrapporten slår fast at ein må kunne ha ei realistisk von om at lokalt og regionalt næringsliv kan få hand om så mykje som 10-20 % av dei totale investeringane. Kraftverka gir relativt få arbeidsplassar i driftsfasen. Dette synes å vera ganske naturleg og vil vera naudsynt om vindkraft skal kunne vera konkurransedyktig. Frå bransjen blir det opplyst at det erfaringsvis er trong for ca. 10 arbeidsplassar for å drifte eit anlegg på om lag 400 MW. NVE konkluderer med at vektlegging av økonomiske ringverknader bør overlatast til konsesjonshandsaminga av konkrete vindkraftprosjekter.

Naboverknader:

Eg blir kritisk når eg les rapporten om naboverknader. Det synes som om utgangspunktet for drøftinga har vore; Kor nære kan folk tole at vi plasserer turbinar utan at dei tek direkte skade av det? I staden kunne utgangspunktet ha vore; Kor langt borte må turbinane vera for at folk kan trivast?

Rapporten argumenterer for at det er feil å fastsetta ei minsteavstand mellom bustader og vindturbinar, men synes å helle i retning av Danskane sin tommelfingerregel om ei minsteavstand på 4 x høgda på turbinen. For meg synes det utenkjeleg at det skal følast greitt med til dømes 200 meter høge vindturbinar nær bustaden berre turbinen er minst 800 meter borte og støyen er under 45 DB. Med omsyn til støy fortalde ein «vindtilhengar» frå Lista at på 1500 meter avstand så høyrer ein i alle fall ikkje noko. Rapporten meiner at ein avstand på 800 – 1000 m (4 x turbinhøgda) i dei fleste tilfelle vil vera tilstrekkeleg.

Eg ser ikkje at vindkraft kan utviklast i Norge på ein harmonisk måte om ein heile tida skal leggja seg så tett som råd inn til folk si tolegrense. Eg meiner at dei retningsgjevande grensene for avstand mellom bustadar og turbinar må aukast monaleg.

Eg syner elles til kva eg har skrive om moglege verknader for eigdomsprisar lenger framme.

Reiseliv:

Rapporten syner til at det ikkje finnes undersøkingar som viser at vindkraftanlegg påverkar reiselivsnæringa negativt. NVE konkluderer med at det likevel er sannsynlig at einskilte område med reiseliv basert på natur- og landskapsopplevingar kan bli påverka negativt, og at verknader for reiselivsnæringa kan bli vektlagt i handsaminga av vindkraftsøknader.

Eg synes det er for lett vint når det i reiselivsrapporten blir synt til ei undersøking som synte at vindkraftverket hadde hatt ein positiv verknad for reiselivsnæringa. Korleis heng dette saman? Jau, dei som bygde vindkraftanlegget hadde budd på den aktuelle overnattingsstaden i anleggsperioden. Det er meir truverdig når det blir synt til at reiselivsnæringa kan utvikle seg positivt som følgje av at kommunen, med skatteinntektene frå vindkraftanlegget, har økonomi til å drive eit aktivt næringsarbeid.

I Åseral er hyttebygging, og omsetninga som følgjer bruken av hyttene, svært viktig. Bygging av hytter representerer mange arbeidsplassar. Sjølv om folk sine ferie- og fritidsvanar er grunnlaget for verksemda så fell arbeidsplassane inn under kategoriane «bygg og anlegg» og «oppføring av bustader». Verdien av reiselivet kan difor bli systematisk underrapportert. Uavhengig av økonomi, bør vi så langt som råd taka omsyn til dei som har valt å investere i hytte i kommunen. Det er difor svært viktig å vurdere kva verknad etablering av vindkraftanlegg kan ha for hytteliv og hyttebygging. Her må vi syne varsemd. Eg vurderer at eit vakkert og relativt urørt landskap og turterreng er ein viktig motivasjon for å ha hytte i kommunen vår.

Vi må heller ikkje gløyme at utfartsområda er viktige mål for dagsturistar. Desse er òg viktige for lokal omsetning og varehandel.

Dei naturfaglege rapportane:

Det er påvist at vindkraftanlegg kan ha sterk negativ effekt for ulike artar fuglar, men at verknadene ofte vil vera usikre. Kunnskapshola er store. NVE føreslår at konkrete vurderingar best kan gjerast i samband med handsaming av einskiltsøknader.

Eg er langt på veg samd i dette, men syner til vurderingane ovafor kring tilhøvet mellom framlegget til nasjonal ramme og naturmangfaldlova. Verknadene for til dømes fuglar på trekk bør truleg gjerast samla for større område og ikkje berre for einskiltområde.

Kartet:

Den austlege delen av kommunen er peika ut som aktuell for etablering av vindkraftanlegg. Den vestlege delen av kommunen som er ekskludert frå vindkraftutbygging er i stor grad areal i landskapsvernområde og areal som inngår i omsynssone villrein som ligg inntil landskapsvernområdet. Dette verkar rimeleg og er i tråd med kommunestyret si haldning i samband med konsesjonssøknaden for Skvenehei.


Midtheia, fjelltunga som strekk seg nordover frå Kyrkjebygd mellom Logna og Monn, er unnateke frå vindkraftutbygging. Dette synes i utgangspunktet vanskelegare å forstå. Grunngevinga ligg nok i ei vurdering av fleire faktorar. Terrenget kan vera utfordrande. I sør er heia til dels svært smal. Det ville nærast bli ei lang rekke med turbinar som ville få mykje innsyn frå både sider. Først når ein kjem lenger nord breier heia seg ut, slik at innsynet til vindkraftverket ville kunne bli mindre, men då nærmar ein seg og busetnaden i Hamkoll – Reiersdal og reiselivsområda Bortelid og Ljosland. Alt i alt synes det difor naturleg at midtheia er unnateke frå vindkraftutbygging.

Innafor område som er peika ut som aktuelt for vindkraftutbygging er der og område som er ekskludert. Dette er i første rekke bebygde område, område med dårlege vindressursar og ueigna byggegrunn.

Som nemnd ovafor, kan vi ikkje ta sjansen på å misse det store talet arbeidsplassar som er knytt til reiselivsområda.

Ut frå dette meiner eg at arealet i ein sirkel rundt hytteområde i kommunen må ekskluderast frå arealet som kan vera aktuelt for vindkraftutbygging (Sjå kart nedanfor). Skjønsmessig har eg valt ein avstand på 5 km. Vindturbinar innafor denne sona må berre unnataksvis kunne skje om grundige vurderingar av topografi og innsyn tilseier at det kan vera mogleg. Areal kring hytteområda Bortelid, Eikerapen, Ljosland og Sandvatn bør vernast med ei slik sone. Andre hyttefelt som til dømes ved Årdalsvatn og på Lunnemyr er mindre og ligg i nærleiken av bustader. (Omsynssona strekk seg inn i nabokommunar. Eg meiner sjølv sagt ikkje at Åseral kommune har mynde der. Arealet er tatt med for illustrasjonen si skuld.)

Det ligg ikkje i dette framlegget at kommunen er positiv til etablering av vindkraftverk utanfor dei ekskluderte områda. Kommunen har ikkje teke standpunkt for eller imot etablering av vindkraftanlegg. Utanfor det ekskluderte arealet må etablering av vindkraftanlegg vurderast i samband med konsesjonssøknader. Ein må likevel vera merksam på at valet om kor ein vil kjøpe hytte ikkje berre er knytt til avstand frå hytta til vindkraftanlegg, men til tilbodet om hytter i område kor det ikkje er vindkraftanlegg i det heile teke. Fleire innspel til kommunen har poengtert dette.



Framlegg til omsynssone kring reiselivsområde

Bortelid er det største konsentrerte hytteområde i Vest-Agder med ca. 1390 einingar (hytter og leilegheiter). Området har relativt høg utbyggingstakt. Dette gjer Bortelid ekstra viktig. Om området frå Bortelid og ned til Lognevatn blir ekskludert frå vindkraftutbygging får ein og med fleire revir for «sterkt trua» og «sårbare» raudlisteartar ut frå observasjonane som er gjort dei siste åra.

Kosåna renn gjennom den sør-austre delen av kommunen. Elva er ein del av Mandalsvassdraget og blei freda ved Stortingsvedtak i 2005 (supplerande verneplan for vassdrag). I dei nasjonale måla for forvaltninga av verna vassdrag står det mellom anna at ein skal «unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø.» Ut frå dette kunne ein tenke seg at verna elvestrekning var markert på kartet, eventuelt med ei omsynssone. Slik eg forstår det så er vektlegging av vernestatusen noko NVE meiner ein må taka stilling til i samband med eventuelle konsesjonssøknader.

FYLGJANDE VURDERINGAR ER GJORT UNDER SAKSHANDSAMINGA:	RELEVANT:	IKKJE RELEVANT:
Økonomiplan		X
Investeringsbudsjett		X
Driftsbudsjett		X
Lokale planar		X
Arealplanar		X
Regionale/statlege planar		X
Likestilling		X

Postadresse:
Åseral kommune
Gardsvegen 68,
4540 Åseral

Besøksadresse:

Telefon: 38 28 58 00
Telefaks: 38 28 58 01

Internett: www.aseral.kommune.no
E-post: post@aseral.kommune.no
Org.nr.: 964 966 842

Barn og unge sin representant i plansaker		X
Barne- og ungdomsråd		X
Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		X
Arbeidsmiljøutval		X
Administrasjonsutval		X
Folkehelse		X

Framlegg til uttale:

Under føresetnader av at Norge skal satse på vindkraft på land, så er det positivt med ei nasjonal ramme.

Framlegget til ramme syner at ein ikkje har eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og at mange spørsmål må avklarast ved handsaming av dei einskilte konsesjonssøknadene. Det er difor naudsynt at OED og NVE saman får eit realistisk bilete av korleis ramma kan nyttast.

Eksisterande kunnskap oppfyller ikkje kravet til vurdering av samla belastning på naturmiljøet jamfør naturmangfaldlova § 10. Det vil ikkje vera tilstrekkeleg berre med ytterlegare konsekvensutgreiingar i samband med einskiltsøknader for å stette krava i naturmangfaldlova. Større område/fleire prosjekt må vurderast samla. Åseral kommune tilrår at det ikkje blir løyvd konsesjonar før konsekvensane er tilstrekkeleg utgreia.

NVE må presentere informasjon om innbetalt eigedomsskatt frå eksisterande vindkraftanlegg slik at ein betre kan vurdere moglege inntekter ved søknader om konsesjon.

NVE bør presentere det juridiske og økonomiske grunnlaget for fjerning av anlegg ved opphøyr av drift.

Lover og forskrifter som regulerer konsesjonsbaserte næringar slik som petroleumsutvinning, akvakultur og kraftproduksjon bør gjennomgåast med sikte på å oppnå ei harmonisering av lovverket og styrking av miljøomsyn.

Vindkraft kan ikkje utviklast på ein harmonisk måte i Norge om ein plasserer turbinar så tett som råd inn til folk si tolegrense. Åseral kommune meiner dei retningsgjevande grensene for avstand mellom bustadar og turbinar må aukast monaleg.

Åseral kommune ønskjer at kartet blir endra slik at ei sone kring eksisterande hyttefelt i kommunen blir skjerma frå mogleg etablering av vindkraftanlegg (Sjå kart i saksframstillinga). Etablering av vindkraftanlegg nærare hytteområde enn 5 km må berre unnataksvis vera aktuelt om terrenget tilseier at vindkraftanlegget blir lite synleg. Grunngevinga for dette er arbeidsplassane som reiselivsområda utgjer.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 11.06.2019

Referat frå Bulyst-møte 06.06.2019 legges ved til kommunestyret.

Om landbruksrådet hatt nytt møte etter det som følger saka, legges referat ved til kommunestyret.

Framlegg:

Ordførar Oddmund Ljosland:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding.

Olav Åsland:

Uttale til nasjonal ramme for vindkraft

Kommunestyret syner til OED sitt høyringsbrev vedkomande innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og om det bør settast fast ei nasjonal ramme for vindkraft. I følgje forslag til nasjonale ramme er nær 50% av kommunens areal egna for utbygging av vindkraft

Kommunestyret ber om at nasjonal ramme for vindkraft ikkje vert vedteken slik det ligg føre. Område i nasjonal ramme er peika ut på bakgrunn av overordna og grovmaska analyser og tek ikkje omsyn til lokale verdiar og tilhøve. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn er i mange tilfelle generalisert ut frå eit særst tynt datagrunnlag som ikkje fangar opp dei lokale tilhøva. Kommunestyret er av den oppfatning at dei negative konsekvensane lokalt er så store vi må si nei til utbygging av vindkraft i kommunen. Grunngevinga for dette er utdjupa i det følgjande.

Samla belastning og tidlegare avgjersle

Åseral er frå før sterkt prega av vasskraftutbygging og bidreg med produksjon av over 1,1 TWh i fornybar energi. Ny vasskraftproduksjon er også under utbygging. Utbygging av vindkraft i tillegg gjer at den samla belastninga av kraftutbygging i kommunen vert for stor. Kommunestyret legg her vekt på at vindkraft er ikkje-regulerbar kraft, særst arealkrevjande og eksponert i landskapet og syner i denne samanheng til OED si grunngeving i avslaget på konsesjonssøknad for Skveneheii Vindpark i 2017: «*Etter en helhetsvurdering av alle fordeler og ulemper der det særleg legges vekt på samlet belastning av energiutbygging i kommunen gitt eksisterende og planlagt vannkraftutbygging, har departementet derfor kommet til at de samlede skader og ulemper overskrider fordelene med etablering av Skveneheii vindkraftverk. Grunnlaget for konsesjon er derfor ikkje til stede*».

Kommunestyret er av den klare oppfatning at dette vil vera gjeldande for all utbygging av vindkraft i kommunen.

Bulyst

Åserals attraktivitet som bustadkommune er nært knytt til naturopplevingar i form av jakt, fiske og anna friluftsliv. Vindkraftanlegg i område innafor nasjonal ramme vil legge beslag på mykje areal og vera synleg frå store delar av kommunen. Dette vil øydeleggje mykje av kommunens attraktivitet som bustadkommune. Med nasjonal ramme vil utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i bustad.

Reiseliv

Åseral er ein reiselivskommune med viktige utfartsområde for heile landsdelen. Totalt er det om lag 2 600 fritidsbustader i kommunen, dei fleste i områda Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Reiselivet er i stor grad knytt til friluftsliv og naturoppleving. Utbygging av vindkraft vil redusere kommunen sin attraktivitet og omdømme. Dette er særst uheldig for dei mange som har arbeid direkte knytt til hyttebygging og reiseliv. Med nasjonal ramme vil

utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i hytteutbygging.



Lokale innspel

Kommune har i høyringsperioden lagt til rette for lokal medverknad og innspel til nasjonal ramme. Kommunestyre legg vekt på at dei fleste innspela som har komen inn har vore kritiske og negative til utbygging av vindkraft i kommunen. Bekymringa lokalt er særleg knytt til ulempe for reiselivet og arbeidsplassar knytt til dette, visuell påverknad som går ut over bulyst og trivsel og nedbygging av store naturområde. Fleire er også oppteken av at kommunen har ofra nok areal med dei store vasskraftutbyggingane.

Vindkraft som klimatiltak

Kommunestyret stiller spørsmål med om utbygging av vindkraftverk i Noreg er eit reelt klimatiltak. Om så ikkje er tilfelle er det ein svikt i føresetnaden og grunngevinga for vidare utbygging av vindkraft i Noreg. Kommunestyret syner i den samanheng til direktør i NVE Kjetil Lund sin kronikk publisert i samband med levering av nasjonal ramme for vindkraft: «Norsk vindkraft bidrar også til å kutte utslipp av klimagasser, men sammenhengen er ikke rett fram. Norge har i praksis en utslippsfri kraftproduksjon fra før, så mer vindkraft kutter ikke utslippene her. Kraftsektoren i Europa er dessuten omfattet av det europeiske klimakvotesystemet ETS».

Alternativ til landbasert vindkraft i Noreg

Med dei store arealinngrepa som krevst og med stor lokal motstand meiner kommunestyret at ein først må ta ut potensialet ved oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftproduksjon, energisparing og etter kvart meir lønnsam vindkraft til havs.

Skatt og avgift

Kommunestyret har og merka seg det skatteregime som gjeld for produksjon av vindkraft. Her må skatt og avgiftsnivået opp på tilsvarende vilkår som gjeld for vasskraft før det kan vere aktuelt for kommunar på nytt å stille natur til disposisjon for grøn kraftproduksjon.

Votering:

Administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster.

Olav Åsland sitt framlegg fekk ei røyst (O. Åsland).

Ordførar Oddmund Ljosland sitt framlegg vart vedteke med fire røyster (O. Ljosland, E.Å. Goksem, G.B. Aasheim og A.L. Thorsland).

Uttale:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.06.2019

Habilitet:

Representanten Bjarne Haugstad stilla spørsmål om habilitetshandsaming i saka.

Ordførar meinte at i saker av generell karakter, slik som nasjonale høyringar, må det vere ein høg terskel for å bli erklært ugild. Kommunestyret slutta seg til dette.

Fellesframlegg:

Arbeiderpartiet, senterpartiet og Krf:

Uttale til nasjonal ramme for vindkraft

Kommunestyret syner til OED sitt høyringsbrev vedkomande innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og om det bør settast fast ei nasjonal ramme for vindkraft. I følgje forslag til nasjonale ramme er nær 50% av kommunens areal egna for utbygging av vindkraft.

Kommunestyret ber om at nasjonal ramme for vindkraft ikkje vert vedteken slik det ligg føre.

Område i nasjonal ramme er peika ut på bakgrunn av overordna og grovmaska analyser og tek ikkje omsyn til lokale verdiar og tilhøve. Kunnskapsgrunnet som ligg til grunn er i mange tilfelle generalisert ut frå eit særst tynt datagrunnlag som ikkje fangar opp dei lokale tilhøva. Kommunestyret er av den oppfatning at dei negative konsekvensane lokalt er så store vi må si nei til utbygging av vindkraft i kommunen. Grunngevinga for dette er utdjupa i det følgjande.

Samla belastning og tidlegare avgjerse

Åseral er frå før sterkt prega av vasskraftutbygging og bidreg med produksjon av over 1,1 TWh i fornybar energi. Ny vasskraftproduksjon er også under utbygging. Utbygging av vindkraft i tillegg gjer at den samla belastninga av kraftutbygging i kommunen vert for stor. Kommunestyret legg her vekt på at vindkraft er ikkje-regulerbar kraft, særst arealkrevjande og eksponert i landskapet og syner i denne samanheng til OED si grunngeving i avslaget på konsesjonssøknad for Skveneheii Vindpark i 2017: **«Etter en helhetsvurdering av alle fordelar og ulemper der det særleg legges vekt på samlet belastning av energiutbygging i kommunen gitt eksisterende og planlagt vannkraftutbygging, har departementet derfor kommet til at de samlede skader og ulemper overskrider fordelene med etablering av Skveneheii vindkraftverk. Grunnlaget for konsesjon er derfor ikkje til stede».**

Kommunestyret er av den klare oppfatning at dette vil vera gjeldande for all utbygging av vindkraft i kommunen.

Bulyst

Åseral sin attraktivitet som bustadkommune er nært knytt til naturopplevingar i form av jakt, fiske og anna friluftsliv. Vindkraftanlegg i område innafør nasjonal ramme vil legge beslag på mykje areal og vera synleg frå store delar av kommunen. Dette vil øydeleggje mykje av kommunens attraktivitet som bustadkommune. Med nasjonal ramme vil utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i bustad.

Reiseliv

Åseral er ein reiselivskommune med viktige utfartsområde for heile landsdelen. Totalt er det om lag 2 600 fritidsbustader i kommunen, dei fleste i områda Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Reiselivet er i stor grad knytt til friluftsliv og naturoppleving. Utbygging av vindkraft vil redusere kommunen sin attraktivitet og omdømme. Dette er særst uheldig for dei mange som har arbeid direkte knytt til hyttebygging og reiseliv. Med nasjonal ramme vil utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i hytteutbygging.

Lokale innspel

Kommunen har i høyringsperioden lagt til rette for lokal medverknad og innspel til nasjonal ramme. Kommunestyret legg vekt på at dei fleste innspela som har komen inn har vore kritiske og negative til utbygging av vindkraft i kommunen. Bekymringa lokalt er særleg knytt til ulemper for reiselivet og arbeidsplassar knytt til dette, visuell påverknad som går ut

over bulyst og trivsel og nedbygging av store naturområde. Fleire er også oppteken av at kommunen har ofra nok areal med dei store vasskraftutbyggingane.

Alternativ til landbasert vindkraft i Noreg

Med dei store arealinngrepa som krevst og med stor lokal motstand meiner kommunestyret at ein først må ta ut potensialet ved oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftproduksjon, energisparing og etter kvart meir lønnsam vindkraft til havs.

Skatt og avgift

Kommunestyret har og merka seg det skatteregime som gjeld for produksjon av vindkraft. Her må skatt og avgiftsnivået opp på tilsvarande vilkår som gjeld for vasskraft før det kan vere aktuelt for kommunar på nytt å stille natur til disposisjon for grøn kraftproduksjon. Ved ein eventuell konsesjon for eit vindkraftprosjekt må det derfor avklarast kva økonomi som gjeld for vertskommunen, herunder at eigedomsskatten må sikrast for heile driftsperioden og at kommunen må få naturressursskatt på lik line med vasskraft.

Lokal vetorett

Kommunestyret ber om at vedtak om utbygging er i tråd med lokale ynskje og kommunestyrevedtak. Konsesjon kan ikkje gjevast dersom det er i strid med kommunestyrevedtak.

Framlegg:

Høgre:

Under føresetnader av at Norge skal satse på vindkraft på land, så er det positivt med ei nasjonal ramme.

Framlegget til ramme syner at ein ikkje har eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og at mange spørsmål må avklarast ved handsaming av dei einskilte konsesjonssøknadene. Det er difor naudsynt at OED og NVE saman får eit realistisk bilete av korleis ramma kan nyttast.

Eksisterande kunnskap oppfyller ikkje kravet til vurdering av samla belastning på naturmiljøet jamfør naturmangfaldlova § 10. Det vil ikkje vera tilstrekkeleg berre med ytterlegare konsekvensutgreiingar i samband med einskiltsøknader for å stette krava i naturmangfaldlova. Større område/fleire prosjekt må vurderast samla. Åseral kommune tilrår at det ikkje blir løyvd konsesjonar før konsekvensane er tilstrekkeleg utgreia.

NVE må presentere informasjon om innbetalt eigedomsskatt frå eksisterande vindkraftanlegg slik at ein betre kan vurdere moglege inntekter ved søknader om konsesjon.

Ved konsesjon til vindkraftprosjekt må det avklares kva økonomi som gjeld for vertskommunen. Åseral kommunestyre meiner

- *Verdien av eigedomsskatten må sikrast for heile driftsperioden.*
- *kommunen må og få naturressursskatt på lik linje med vasskraft. Denne skatten aukar ikkje skattetrykket for det selskapet som drifter vindpark.*

NVE bør presentere det juridiske og økonomiske grunnlaget for fjerning av anlegg ved opphøyr av drift.

Lover og forskrifter som regulerer konsesjonsbaserte næringar slik som petroleumsutvinning, akvakultur og kraftproduksjon bør gjennomgåast med sikte på å oppnå ei harmonisering av lovverket og styrking av miljøomsyn.

Vindkraft kan ikkje utviklast på ein harmonisk måte i Norge om ein plasserer turbinar så tett som råd inn til folk si tolegrense. Åseral kommune meiner dei retningsgjevande grensene for avstand mellom bustadar og turbinar må aukast monaleg.

Åseral kommune ønskjer at kartet blir endra slik at ei sone kring eksisterande hyttefelt i kommunen blir skjerma frå mogleg etablering av vindkraftanlegg.

Minsteavstanden som er nemd til både hytteområder og boligar i høyringa må aukast monaleg, for å redusera konfliktnivået. Omsynssona må bli justert og lokalt tilpassa med tanke på både synlegheit og lydbilete i kvar einskild konsesjonshandsaming.

For å ivareta lokaldemokratiet må Kommunestyret sin uttale ved handsaming av konkret konsesjonssøknad vere tungtveiane for NVE og OED.

Votering:

Ingen røysta for rådmannens framlegg.

Framlegg frå Høgre fekk 5 røyster.

(T. Repstad, N.T. Egenes, G.B. Aasheim, Aa. Breilid og B. Haugstad)

Fellesframlegg Ap, Sp og Krf. vart vedteke med 12 røyster.

(J.A. Bjørndal, E.B. Øyulvstad, O. Åsland, O. Ljosland, A.L. Thorsland, J. Stangvik, C.R. Håvorstad, T. Tveit, E.Å. Goksem, J.O. Selland, T. Forgard og G. Ljosland).

Uttale:

Uttale til nasjonal ramme for vindkraft

Kommunestyret syner til OED sitt høyringsbrev vedkomande innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og om det bør settast fast ei nasjonal ramme for vindkraft. I følgje forslag til nasjonale ramme er nær 50% av kommunens areal egna for utbygging av vindkraft.

Kommunestyret ber om at nasjonal ramme for vindkraft ikkje vert vedteken slik det ligg føre.

Område i nasjonal ramme er peika ut på bakgrunn av overordna og grovmaske analyser og tek ikkje omsyn til lokale verdiar og tilhøve. Kunnskapsgrunlaget som ligg til grunn er i mange tilfelle generalisert ut frå eit særst tynt datagrunnlag som ikkje fangar opp dei lokale tilhøva. Kommunestyret er av den oppfatning at dei negative konsekvensane lokalt er så store vi må si nei til utbygging av vindkraft i kommunen. Grunngevinga for dette er utdjupa i det følgjande.

Samla belastning og tidlegare avgjersle

Åseral er frå før sterkt prega av vasskraftutbygging og bidreg med produksjon av over 1,1 TWh i fornybar energi. Ny vasskraftproduksjon er også under utbygging. Utbygging av vindkraft i tillegg gjer at den samla belastninga av kraftutbygging i kommunen vert for stor. Kommunestyret legg her vekt på at vindkraft er ikkje-regulerbar kraft, særst arealkrevjande og eksponert i landskapet og syner i denne samanheng til OED si grunngeving i avslaget på konsesjonssøknad for Skvenehei Vindpark i 2017: **«Etter en helhetsvurdering av alle fordeler og ulemper der det særleg legges vekt på samlet belastning av energiutbygging i kommunen gitt eksisterende og planlagt vannkraftutbygging, har departementet derfor**

kommet til at de samlede skader og ulemper overskrider fordelene med etablering av Skvенеheii vindkraftverk. Grunnlaget for konsesjon er derfor ikkje til stede».

Kommunestyret er av den klare oppfatning at dette vil vera gjeldande for all utbygging av vindkraft i kommunen.

Bulyst

Åseral sin attraktivitet som bustadkommune er nært knytt til naturopplevingar i form av jakt, fiske og anna friluftsliv. Vindkraftanlegg i område innafor nasjonal ramme vil legge beslag på mykje areal og vera synleg frå store delar av kommunen. Dette vil øydeleggje mykje av kommunens attraktivitet som bustadkommune. Med nasjonal ramme vil utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i bustad.

Reiseliv

Åseral er ein reiselivskommune med viktige utfartsområde for heile landsdelen. Totalt er det om lag 2 600 fritidsbustader i kommunen, dei fleste i områda Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Reiselivet er i stor grad knytt til friluftsliv og naturoppleving. Utbygging av vindkraft vil redusere kommunen sin attraktivitet og omdømme. Dette er særst uheldig for dei mange som har arbeid direkte knytt til hyttebygging og reiseliv. Med nasjonal ramme vil utbygging av vindkraft ligge som eit trugsmål over store delar av kommunen og med konsekvens at færre vil investere i hytteutbygging.

Lokale innspel

Kommunen har i høyringsperioden lagt til rette for lokal medverknad og innspel til nasjonal ramme. Kommunestyre legg vekt på at dei fleste innspela som har komen inn har vore kritiske og negative til utbygging av vindkraft i kommunen. Bekymringa lokalt er særleg knytt til ulempe for reiselivet og arbeidsplassar knytt til dette, visuell påverknad som går ut over bulyst og trivsel og nedbygging av store naturområde. Fleire er også oppteken av at kommunen har ofra nok areal med dei store vasskraftutbyggingane.

Alternativ til landbasert vindkraft i Noreg

Med dei store arealinngrepa som krevst og med stor lokal motstand meiner kommunestyret at ein først må ta ut potensialet ved oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftproduksjon, energisparing og etter kvart meir lønnsam vindkraft til havs.

Skatt og avgift

Kommunestyret har og merka seg det skatteregime som gjeld for produksjon av vindkraft. Her må skatt og avgiftsnivået opp på tilsvarende vilkår som gjeld for vasskraft før det kan vere aktuelt for kommunar på nytt å stille natur til disposisjon for grøn kraftproduksjon. Ved ein eventuell konsesjon for eit vindkraftprosjekt må det derfor avklarast kva økonomi som gjeld for vertskommunen, herunder at eigedomsskatten må sikrast for heile driftsperioden og at kommunen må få naturressursskatt på lik line med vasskraft.

Lokal vetorett

Kommunestyret ber om at vedtak om utbygging er i tråd med lokale ynskje og kommunestyrevedtak. Konsesjon kan ikkje gjevast dersom det er i strid med kommunestyrevedtak.

Parter i saka:

Olje- og energidepartementet pb. 8148 Dep 0033 OSLO

